



Til medlemene i Arbeidsmiljøutvalet

Det vert med dette kalla inn til / gjort kjent med møte i Arbeidsmiljøutvalet

**Møtestad:** Kommunestyresalen, Kommunehuset

**Dato:** 21.10.2020

**Tid:** 09:00

---

Dersom De ikkje kan møte, ber ein om at De melder frå til sentralbordet snarast råd.



## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka
	Saker til handsaming	
PS 26/20	Godkjenning av protokoll frå førre møte	
PS 27/20	Avvik som har kome inn	
PS 28/20	Rutine for melding av avvik i Compilo	
PS 29/20	Orientering om sjukefråvær 2. kvartal 2020	
PS 30/20	Sjukefråværsstatistikk - ei orientering om grunnlaget for statistikken hos NAV	
PS 31/20	Orientering om budsjettarbeidet for 2021 og økonomiplanperioden 2021 - 2024	

## **Saker til handsaming**

**PS 26/20 Godkjenning av protokoll frå førre møte**

**PS 27/20 Avvik som har kome inn**



**Seljord kommune**

Arkiv: 446  
Saksnr.: 2020/1831-1  
Sakshand.: Ingeborg Nenseter Jensen  
Direkte tlf.: 35065130  
Dato: 07.10.2020

## Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsmiljøutvalet	28/20	21.10.2020

## Rutine for melding av avvik i Compilo

### Saksdokument:

Vedlegg:

1 Forslag til Rutine for melding av avvik i Compilo  
Ingen

### Saksutgreiing:

Compilo vart innført som kvalitets- og avvikssystem hausten 2019. Leiarar og utvalde ressurspersonar har fått felles opplæring, og har deretter teke denne med seg vidare ut i einingane og tatt systemet i bruk. Alle tilsette skal ha tilgang til systemet. Det er leiar sitt ansvar å fylgje opp slik at nye tilsette får tilgang og opplæring.

Utvalde superbrukarar har utvida administrativ tilgang i systemet og kan gjere endringar. Compilo bistår ved behov.

I løpet av det siste året har organisasjonen prøva og feila i systemet og ser at det for ein stor del fungerer etter hensikta, men at det framleis gjenstår nokre små justeringar i tilgangar og rollar, samt tilpassing i oppbygginga av organisasjonen i systemet.

Det er behov for enkle rutinar for dei mest hyppig bruka oppgåvene i Compilo, som melding av avvik. Systemadministrator har utarbeidd eit forslag til rutine, som ligg vedlagt.

### Rådmannen si tilråding:

AMU godkjenner rutine for melding av avvik i Compilo, og anbefaler at den blir gjort kjend og teke i bruk så raskt som råd.

Utskrift til:

## Rutine for melding av avvik i Compilo

### Kva er avvik?

Når eit forhold ikkje er i samsvar med, eller det er brot med lovar, forskrifter eller interne reglar, blir det å sjå som eit avvik. Alle tilsette har ansvar for å rapportere avvik.

Einingsleiar har ansvar for handsaming av avviksmeldinga.

Når eit avvik, feil eller mangel er avdekt, skal det rettast opp, og årsaka til avviket skal fjernast slik at liknande avvik, feil eller manglar blir unngått.

### Bruke avvik til forbetring

Seljord kommune ynskjer å nytte avvik til å forbetre seg, og oppmodar tilsette til å melde avvik.

### Tilsette med fleire stillingar

Tilsette med fleire tilsettingsater i kommunen får berre meldt avvik til den eininga der vedkomande har størst stilling.

### Gradering av avvik og alvorsgrad

Avvik blir skalert etter alvorsgrad 1, 2 og 3 (**grøn**, **gul**, **raud**).

- Avvik som vert vurdert til **grønt nivå, nivå 1**, skal einingsleiar lukke på eininga.
- Avvik som vert vurdert til **gult nivå, nivå 2**, skal bli drøfta med kommunalsjef og eventuelt i kvalitetsutval.
- Avvik som vert vurdert til **raudt nivå, nivå 3**, skal bli heva til rådmannsteamet.

Einingsleiar drøftar tiltak med verneombod når avvika handlar om arbeidsmiljø, HMS.

Det er eit mål at avvik skal bli lukka på lågast mogleg nivå. Dei avvik som einingsleiar sjølv kan lukke ved å gjere tiltak på eininga, skal bli lukka slik.

Det er eit mål at avvika blir lukka så raskt som råd. Avviket ligg til handsaming hos einingsleiar i 21 dagar. Etter 21 dagar blir avviket sendt vidare til neste nivå.

Om moglege tiltak ikkje er innanfor avdelinga sitt ansvarsområde, skal kommunalsjef, rådmann og eventuelt arbeidsmiljøutvalet (AMU) handsame avviket. Einingsleiar er ansvarleg for at nødvendige tiltak vert sett i verk.

Avvik som kan ha budsjettmessige konsekvensar, ved at det krev investeringar, skal bli spela inn til einingsleiar i budsjettprosessen.

### HMS-avvik

AMU tek ut rapport på helse-miljø-og-sikkerheitsavvik (HMS-avvik) og gjennomgår siste avvik i kvart utvalsmøte.


Hovudverneombod (HVO) har tilgang til alle HMS-avvik.

### Kvalitetsavvik


Avvik i kvaliteten på dei kommunale tenestene vert handtert under eigne rutiner i kvalitetsutvala innanfor kvart programområde.

## Melde avvik i Compilo

Logg deg inn i Compilo med tildelt brukarnamn og passord. Det er det same brukarnamnet og passordet som ein brukar for pålogging på Citrix.



1. Trykk på meny punkt *Meld avvik*



2. Velg rett alvorsgrad ut frå definisjonen i Compilo. Sjå skildringa av alvorsgradane i teksten under.



Meldingsflyt

Namn

Du melder til: Rådmann (Adm, Rådmanr v)

Alvorlighetsgrad \*

Lav  Middels  Høy

100 av 4000  
avvik har denne alvorligheten

**Kriterier**


- Generelt
  - Presseoppslag av negativ art
  - Skadepotensiale tilsvarende HØY alvorlighetsgrad
  - Lovbrudd
- Personer
  - Medisinsk behandling, omplassering og/eller tilrettelegging, og fravær
  - Gjentakende mobbing
  - Opplevd upassende reaksjon på avviksmelding fra leder
- Ytre miljø
  - Støy av en ikke akseptabel grad
  - Ikke kan aksepteres over tid.
- Økonomi/informasjon

3. Fyll ut rubrikkane og beskriv avviket. Anonymiser dersom avviket omhandlar ein tenestemottakar, kollega e.l. Personinformasjon skal ikkje inn i avviket.
4. Hak av for rett type avvik (HMS, organisasjon, personvern, teneste, ytre miljø)
5. Beskriv konsekvensane av avviket
6. Beskriv forbetringsforslag slik at liknande avvik kan bli unngått i framtida
7. Legg eventuelt ved bilete, ROS eller annan dokumentasjon
8. Send inn avviket til handsaming hos næraste leiar


### Leiar si handsaming av avvik

Leiar mottar melding på e-post om avvik som er sendt inn. Leiar har 21 dagar til å handsame avviket før avviket går vidare til kommunalsjef og deretter til rådmann.

1. Leiar loggar seg inn i Compilo og finn ei raud rute på bjølla øvst til venstre i skjermbiletet som indikerer at det har kome eit nytt avvik.



eller velg **behandle**



2. Vurder om avviket har rett alvorsgrad. Endre eventuelt alvorsgraden.
3. Legg inn tiltak eller kommentar på kva som må til for at avviket skal bli lukka. Lukk avviket.
4. Vidaresend avviket dersom det krev ei handling frå ein annan leiar, eller skal til ei anna eining

Del erfaring og kunnskap og meldte avvik, tiltak og behandling med dine tilsette – slik at avviksarbeidet blir til felles forbetningsarbeid for heile eininga.

### Dersom du treng hjelp

Søk hjelp ved å trykke på ? nedst i venstre hjørne på sida



Dersom du ikkje finn svar på det du lurar på her kan du snakke med næraste leiar. Dersom det ikkje fører fram kan du kontakte superbrukarar i kommunen:

- Janne Larsen [janne.larsen@seljord.kommune.no](mailto:janne.larsen@seljord.kommune.no) tlf. 48297433
- Ingeborg Nenseter Jensen [ingeborg.nenseter@seljord.kommune.no](mailto:ingeborg.nenseter@seljord.kommune.no) tlf. 47900119

Versjon	Dato	Merknad
<b>1.0</b>	05.10.2020	



**Seljord kommune**

Arkiv: 461  
Saksnr.: 2020/207-6  
Sakshand.: Ingeborg Nenseter Jensen  
Direkte tlf.: 35065130  
Dato: 25.08.2020

### Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsmiljøutvalet	20/20	02.09.2020
Administrasjonsutval	20/20	20.10.2020
Arbeidsmiljøutvalet	29/20	21.10.2020

## Orientering om sjukefråvær 2. kvartal 2020

### Saksdokument:

Ingen

### Saksutgreiing:

Det generelle inntrykket er at koronaepidemien i kombinasjon med einskilde fråvær som var langvarige eller kravde tilrettelegging, gjer at fråværsbelastninga i 2. kvartal var krevjande på einskilde arbeidsplassar.

Det vart jobba bra med oppfylging og tilrettelegging der det er mogleg å få til. I nokre tilfelle er det ekstra sårbart med fråvær dersom den tilsette har arbeidsoppgåver ingen andre i organisasjonen kan bistå i eller overta. Ein jobbar med å spreie kunnskapen og dele på ansvar, slik at tenesteområde ikkje skal stoppe opp som følgje av sjukefråvær. Mange tilsette strekker seg langt for å bidra til at tenesteproduksjonen skal halde fram så godt som råd. Arbeidsgjevar forsøker å skaffe kompetente vikarar i dei tilfella der fråværet er langvarig.

Tilsette med ein sårbarheit ved ei eventuell koronasmitte måtte ein ta ekstra omsyn til, til dømes ved å tilrettelegge arbeidsoppgåver eller –stad. I tillegg kjem fråvær pga. barn med luftvegssymptom må vere heime frå barnehage eller skule og treng tilsyn. Direktoratet for sikkerheit og beredskap (DSB) anbefaler arbeidsgjevar å planlegge for inntil 50 % sjukefråvær under pandemien. Dei einskilde programområde har laga kontinuitetsplanar for auka fråvær knytt til koronapandemien.

Personalavdelinga vil legge fram statistikk for sjukemeldt og legemeldt fråvær i 2. kvartal 2020.

**Rådmannen si tilråding:**

Orienteringa om sjukefråværet 2. kvartal 2020 vert teke til vitande.

**Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 02.09.2020**

Saka er ikkje klar frå administrasjonen.

**Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 02.09.2020**

Oversikt på sjukefråvær 2. kvartal 2020 er ikkje klar frå administrasjonen si side. Oversikten vert sendt ut til AMU så snart den er klar.

Utskrift til:



**Seljord kommune**

Arkiv: 461  
Saksnr.: 2020/207-7  
Sakshand.: Ingeborg Nenseter Jensen  
Direkte tlf.: 35065130  
Dato: 07.10.2020

### Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsmiljøutvalet	30/20	21.10.2020

## Sjukefråværsstatistikk - ei orientering om grunnlaget for statistikken hos NAV

### Saksdokument:

Ingen

### Saksutgreiing:

Sjukefråværsstatistikken som NAV presenterer for kvart kvartal er ikkje overensstemmande med statistikken som kommunen sjølv presenterer på bakgrunn av registrert fråvær i økonomi- og personalsystemet Agresso. Dette er ei kjend sak som har vore omtala fleire gonger tidlegare.

Etter innspel frå HVO i AMU 02.09.2020 er IA-rådgjevar for Vest Telemark, Olav Aalandslid, kalla inn til møtet for å orientere om kva for data som ligg til grunn for sjukefråværsstatistikken frå NAV.

### Rådmannen si tilråding:

AMU tek orienteringa om grunnlaget for sjukefråværsstatistikken frå NAV til vitande.

Utskrift til:



**Seljord kommune**

Arkiv: 145  
Saksnr.: 2020/1055-4  
Sakshand.: Ingeborg Nenseter Jensen  
Direkte tlf.: 35065130  
Dato: 07.10.2020

### Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsmiljøutvalet	31/20	21.10.2020

## Orientering om budsjettarbeidet for 2021 og økonomiplanperioden 2021 - 2024

### Saksdokument:

Ingen

### Saksutgreiing:

Budsjettarbeidet for 2021 og for økonomiplanperioden 2021-2024 er i gang. Saka blir lagt fram til kommunestyret for handsaming i desember.

Ein ser at det vil verer krevjande også i år å kome i mål med eit budsjett i balanse. Det skuldast mellom anna reduksjonen i innbyggartal, at utjamningstilskott frå staten har gått ned og at Seljord kommune får lågare inntekter på konsesjonskraft. Koronaberedskapen har gjort det daglege arbeidet i kommunen endå tøffare, samtidig som einingane syner behov for styrking på ulike område.

Det var ein føresetnad for budsjett 2020 og økonomiplanperioden at arbeidet med eigedomsskatt var i gang og at inntektene ville kome frå 2021. I staden er dette arbeidet førebels ikkje starta på, og den forventa innsparinga og inntektene må i staden dekkast opp på anna vis.

I samband med presentasjonen av statsbudsjettet har regjeringa lova at kommunane skal få støtte til å dekke utgiftene knytt til korona. Det blir ikkje lagt inn postar knytt til koronatiltak i budsjettet.

Rådmannen vil orienterer ytterlegare om budsjett 2021 i møtet.

**Rådmannen si tilråding:**

AMU tek orienteringa om budsjett for 2021 og for økonomiplanperioden til vitande.

Utskrift til: